



NAVkontora i Møre og Romsdal

Invitasjon til vidaregåande kurs i økonomisk rådgiving og gjeldsrådgiving, Quality Hotel Alexandra, Molde tysdag 5. - onsdag 6. september 2017

Føremål og målgruppe:

Arbeids og velferdsdirektoratet har gitt Fylkesmannen i oppdrag å støtte kommunane i arbeidet med å styrke kompetansen til økonomi- og gjeldsrådgivarar. Økonomisk rådgiving-/gjeldsrådgiving, jf. sosialtenestelova § 17, er ein del av kjerneoppgåvene til NAV og spelar ei viktig rolle som eit av fleire tiltak ovanfor den einskilde for å kunne overvinne ein vanskeleg situasjon.

Kurset rettar seg primært mot veiledarar som har økonomi- og gjeldsrådgjevingsoppgåver etter lov om sosiale tenester § 17. Kurset bygger på grunnkurset i økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving, og deltakarane må ha minimum kunnskapar tilsvarande dette kurset.

Føredragshaldarar begge dagar:

Rådgivar Inger-Helen Søgne frå Fylkesmannen i Hordaland og juridisk direktør Hanne Riksheim i Lindorff.

Praktiske opplysningar:

På grunn av redusert økonomisk ramme frå vår oppdragsgivar må vi i år ta ei kursavgift på kr 475,- . Denne avgifta må kvar deltakar betale til hotellet når dei kjem. Fylkesmannen dekkjer alle måltid.

Ønske om tilsending av faktura må avtalast av den enkelte direkte med hotellet, i god tid før første kursdag.

For dei som har over 1 time reise kvar veg dekker vi også overnatting. Reisekostnader og eventuelt behov for ekstra overnatting natta før dekkast av den einskilde sin arbeidsgivar. Av miljøomsyn oppmodar vi dei som har høve til det om å nytte kollektivtransport. Vi har sett ei grense på maksimalt 40 deltakarar, dette trur vi ikkje skal bli noko problem då deltakartalet dei siste åra har vore om lag 30.

Elektronisk bindande påmelding innan 5. juli 2017, følg lenka under.

<https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Vidaregaande-kurs-i-okonomisk-radgivinggjeldsradgiving-5-6-september-2017/>

Spørsmål om påmeldingsskjemaet kan rettast til e-post: fmmrkurs@fylkesmannen.no, tlf. 71 25 84 99 eller 71 25 85 05.

For nærare informasjon om kurset kan du ta kontakt med:

Seniorrådgivar Kjell Iversen. E-post fmmrkjiv@fylkesmannen.no tlf. 71 25 85 29.

Med helsing

Kjell Iversen
Seniorrådgivar

Oddhild Johnsen
fagkoordinator

Kopi til: Kontaktpersonane for økonomisk rådgiving i Møre og Romsdal

Vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving Alexandra Hotell i Molde 5. - 6. september 2017

Program

Tysdag 5. september 2017:

- 09.00-10.00 Registrering
- 10.00-10.15 Opning og introduksjon
- 10.15-12.00 Skuldnar sitt skydd mot tvangsinnfordring
Dekningsloven kap. 2
- 12.00-13.00 Lunsj
- 13.00-13.45 Skuldnar sitt skydd mot tvangsinnfordring (forts)
- 14.00-14.45 Inndriving av gjeld – offentlege kreditorar
Særreglar for offentlege kreditorar
- 15.00-17.00 Inndriving av gjeld – avgrensing mot ektefelle/sambuar/born
- 19.00 Middag

Onsdag 6. september 2017:

- 09.00-09.45 Oppgåve
- 10.00-10.45 Forelding av fordringar
- 11.00-12.00 Pant, kausjon og solidaransvar
- 12.00-13.00 Lunsj
- 13.00-13.45 Frårådingsplikta
- 13.45-14.45 Oppdateringar og nyhende

*Vi tek atterhald om endringar i programmet.
Pausar vert tekne når det trengs.*